

## Cecilie Skog til Etne

s.10-11



© cecilieskog.com



Tradisjons-  
handverk  
Sjå s. 14-15



Demo i parte-  
ring av hjort ved  
Norsk Hjorte-  
senter  
Sjå s. 14-15



Aktiviteter for  
liten og stor

Sjå s. 8



Villmarksmessa Etne vert i år arrangert for 2. gong.

#### ARRANGØRAR:

Arrangørar av Villmarksmessa er Etne Kulturhus AS og Etne Jeger- og Fiskeforening, med god hjelp og støtte av samarbeidande lag.

Messenemnda er sett saman av representantar for desse aktørane, og står for det administrative og tekniske opplegget av messa.

#### Prosjektleder:

Vidar Lund

#### Nemd:

Ragni Sunniva Fett  
Jarle Grindheim  
Håvard Kambo  
Henric Knutson  
Willy Asbjørn Lunde  
Leif Arne Løvereide  
Jostein Osnes  
Berit Rafdal  
Jan Vinje  
Albert Inge Rafdal

#### Redaksjon:

Vidar Lund  
Albert Rafdal  
Kari Aakra  
Ragni Sunniva Fett  
Lars Kristian Gjerde  
Leif Arne Løvereide  
Lars Lundal

#### Utforming:

Astrid Eidhammer Hjelmeland  
Norsk Plan, norsk-plan.no

#### Trykk: Valdres Trykk


#### Distribusjon:

Edda distribusjon og Posten

#### Avisa går til alle husstandar i:

Etne, Vindafjord, Haugesund, Karmøy, Tysvær Edda, Sauda Edda Sveio, Stord, Fitjar, Bømlo, Kvinnherad, Odda, Suldal og Ullensvang.

#### Opplag: 64 500

Følg oss på  
facebook.com/villmarketne   
villmarketne.no



(Foto: Morten B. Stensaker)

# Villmarksmesse i Etne – kvifor det eigentleg?

Ein kan sikkert finne frykteleg mange gode grunnar for å ha ei villmarksmesse, nær sagt, kvar som helst i kongeriket. Me Vestlendingar vil vel hevde at om det ikkje er her det bur mest folk, så er det i alle høve her me har mest natur, og ikkje minst, mest variert natur.

Etne er ein stor kommune når ein ser på arealet. Den har alt frå fjordar med skjergardstendensar til høgfjell med bre. Etnebuen er stort sett flinke til å nytta denne flotte naturen, og mange som besøker oss er og let seg imponere av den vakre bygda og fjellheimen.

Flott natur aleine er ikkje nok for å halde ei slik messe, det må til ein egna stad, samt interesserte personar som har eit stort engasjement for å få folk ut i naturen, anten det er med fiskestang, våpen eller med fjellsko og sekk på ryggen.

Min motivasjon for å ta initiativ til denne messa, vel å merke i lag med andre, var først og fremst ynskje om å få fleire unge interessert i natur og friluft. Her har me ei stor oppgave, og eg treng ikkje sjå lengre enn til kampen det var om å få låne datamaskina for å skrive dette, for å skjone kor avhengige mange unge er blitt av data. Eg vonar messa kan vere eit bidrag til å gjere livet utanom dataskjermen spanande og.

Målet er å arrangere ei messe med mange spanande aktivitetar, helst slik at folk av begge kjønn, i alle aldrar, finn noko dei vert fasinerte av og som dei kanskje har lyst til å engasjere seg meir i. Dette kan vere slikt som; klatring, kanopadling, hesteridning, pilfletting eller flugekasting. Kanskje nokon og finn eit godt tilbud på akkurat det dei treng blant salsbodene.

Det nye Skakkesenteret er ein perfekt arena for ei messa av den storleik og karakter som me siktar oss inn mot. Mange kjenner nok Etnemarknaden godt, og den nyttar no det nye Skakkesenteret. Etnemarknaden har over 30 000 besøkjande, og er ei messe som og nyttar mykje uteområde. Villmarksmessa er langt mindre, og meir kompakt, men for dei som likar seg ute i det fri, vil nok denne messa kanskje by på minst like mykje spanande som Etnemarknaden.

Det fine er at det finn du best ut ved å ta ein tur på messa!

Velkomen skal du vera!

Helsing  
Eldsjelene bak VillmarksmessaEtne



#### Villmarksmessa er på Skakkesenteret i Etne.

#### Opningstider:

Laurd: 10.00 - 18.00  
Sønd: 10.00 - 17.00

#### Prisar:

Vaksne kr 100,-  
Barn kr 40,- (6-15 år)  
Barn under 6 år gratis

For å finna fram til Etne sjå kart på villmarketne.no.

Føredrag 21. april kl 11.00 - 12.30

# Fiskekultivering i ferskvatn

Det ligg ein enorm unnytta ressurs i ferskvassfiske i Noreg. Svært mange av oss har nok erfart at auren ein får mange stader er vesalt liten, ja ofte så liten at det vert fullstendig uinteressant å fiske. Men, treng det vere slik?

Me har stor tru på, og til dels erfaring frå, at det er mogeleg å få gjort noko med dette. Dei av oss som drøymmer om fisk på over halvkiolen, kanskje over kiolen, me treng noko å lita på, noko som gir oss håp om å sjå carbonstengene våre stå i full boge grunna stor fisk.

For å oppnå dette treng me kunnskap og motivasjon. Dette er me rimeleg visse på at me skal få ved å delta på føredraget til Reidar Borgstrøm; "Ferskvassfisk i Hordaland - frå Stordalsvatn i Etne til Nordmannslågen på Hardangervidda - kvifor er det så store skilnader i storleik og kvalitet?"

Reidar har som mål å gi oss informasjon om kva det er som er årsak til situasjonen i mange vatn, samt kva som kan gjerast for å endre på dette.

Me oppmodar alle som er interesserte om å delta, men kanskje særleg dei som er



Reidar Borgstrøm. (Foto: Privat)

grunneigarar til vatn der overpopulasjon er eit problem. Med den kunnskapen ein her kan tileigne seg, vert det mogeleg å gjere noko med problemet.

Etne kommune er medarrangør til føredraget.

ALBERT INGE RAFDAL

## Kultivering

- Det vert kvart år nytta millionar av kroner til å kultivere laksebestandane våre.
- Det vert samstundes gjort svært lite for å sikre våre innlandsfiskeressursar.
- Reduksjon i sur nedbør har ført til auka overleving for yngel.
- Mange stader vart det (spesielt tidlegare) nytta pengar til kalking.
- Det finnes framleis stader der vassdragsutbyggjarar er pålagde å setje ut yngel, til tross for at det no er alt for mykje fisk.
- Ein kan nytte garn, teiner, ruser til slikt fiske.
- Gytevandringshinder kan vere aktuelt enkelte stader.



- HAN MENER DET ER VANSKELIGERE FOR DEM Å SKYTE HAM HVIS HAN HÅNDHILSER PÅ DEM FØRST.

Øyvind Sagåsen

## Fiske i Etne

Er du interessert i fiske i Etne, sjekk ut [www.brunørret.no](http://www.brunørret.no).

Her finn du ein del info om kva mogelegheiter du har.

## Ta med deg bubilen til Villmarksmessa!

Ynskjer du å få med deg begge messedagane, med aktivitatane både dag og kveld kan du no ta med deg bubilen å setje den på tilrettelagt stad ved Old River Saloon i Etne. Her finns muligheter for straum, septiktømming og dusj. Kontakt Old River Saloon for booking av plass.





# ETNEFJELLET

Etnefjellene, som grovt regnet er fjellområdet mellom Ølen og Seljestad, er kjerneområdet for virksomheten til Haugesund Turistforening. Her har foreningen, med sine vel 5000 medlemmer, 6 hytter og et godt utbygd og merket sti og rutenett. De røde T-ene, som viser vei i fjellet langs Turistforeningens merkede ruter, er et godt innarbeidet og velkjent symbol landet over, både blant medlemmer og ikke-medlemmer. Haugesund Turistforening har et sammenhengende og merket rutenett helt fra Ølen/Opheim til Seljestad, bundet sammen av hytter med en lett dagsmarsj mellom. Dersom en ønsker å overnatte på alle hyttene, kan en her gå sammenhengende i en hel uke, i dette flotte og varierte fjellområdet. I tillegg finnes det underveis oppganger til alle hyttene, både fra nordsiden og sydsiden, slik at en har alle muligheter til å planlegge sin egen tur, både når det gjelder startpunkt, endepunkt og antall dager. Hyttene er stort sett greie å nå også for bare en dagstur.

**VI VIL HER** konsentrere oss om området rundt hyttene Blomstølen og Sandvass. Inn til den nye Olalihytta står ferdig i 2014 er disse Haugesund Turistforening sine nyeste og største hytter i Etnefjellene. Blomstøl-hytta, eller hyttene, her er nemlig 3 hytter, ligger fint til ved Blomstølvannet, 630 m.o.h. Den første hytta ble bygget her i 1939, da turistforeningen fikk overta en støl som låg lenger nede. Denne ble demontert, båret opp til vannet og så reist her. I 1992 ble det bygget en ny og større hytte, i tillegg til den gamle, og i 2005 stod den nyeste og største hytta klar til bruk.

**BLOMSTØLEN NÅES** enklest og kortest fra Øyno innerst i Stordalen. Fra E134 tar en av mot Frette, og kjører så til veis ende innerst i dalen. Her er det tilrettelagt en parkeringsplass

der en betaler et lite gebyr. Starten på stien er merket med skilt, og så er det bare å følge T-merkingen helt fram til hytta. Turen tar ca. 2 timer. Stien følger i hovedsak den gamle ferdselsveien mellom Etne og Røldal. Underveis passerer en ruiner etter gamle stølshus, som forteller om betydningen fjellet hadde for gårdsdriften i tidligere tider, og nede i skogsbeltet viser de mange styvede trærne at lauvet ble brukt til dyrefor for å komme seg gjennom vårknipa. Før en er helt oppe er det en god stigning opp mot Bjødnanuten. Øverst oppe står en varde, og herfra er det storslått utsikt nedover mot Stordalen og Stordalsvatnet.

**EN ANNEN T-MERKET** sti til Blomstølen går fra Tjelmeland/Kyrping. Den er et godt alternativ for de som kommer med buss. Turen herfra inn til hytta tar 4-5 timer.

Stien starter ved en undergang litt nedenfor bensinstasjonen og følger i starten en traktorvei, som går over i sti øverst i lia. Stien går sør og øst for Skredkollen, følger høydedraget langs Åkrafjorden i 700-900 m høyde, med flott utsikt til bl.a. Folgefonna, før det bærer nedover igjen til hytta. På det høyeste punktet passerer en like innunder toppen av Reinsnuten, 1025 m.o.h., og en avstikker hit anbefales, den gjøres lettest fra østsiden. En annen topptur fra hytta som anbefales er Hestaskardnuten, 1071 m.o.h., også den med flott utsikt, bl.a. ned i Åkrafjorden og mot Folgefonna.

**FRA BLOMSTØLEN GÅR** det T-merkede stier videre østover til Sandvasshytta, ca. 2 timer, og sørover til Storavassbu, 4-5 timer. En fin helgetur/rundtur er Øyno – Blomstølen fredag ettermiddag, Blomstølen –

Storavassbu lørdag og Storavassbu – Frette (- Øyno) søndag.

**SANDVASSHYTTA LIGGER** kun en kort tur øst for Blomstølen, ved Sandvatnet, 830 m.o.h. Den T-merkede stien følger vassdraget østover forbi Svartavatnet og Blomvatnet, før det blir en stigning opp til skardet før Sandvatnet. Flott utsikt vestover fra toppen av skardet. Hytta ligger fint til i nordenden av vatnet. Sandvatnhytta er den eldste hytta til Haugesund Turistforening, bygd i 1930, fem år etter at foreningen ble stiftet. I 1992 ble det bygd en ny sikringshytte, og i 2010 stod den nye, store og flotte hovedhytta ferdig. Den eldste hytta ble da fjernet, slik at det nå er 2 hytter her.

*Blomstølen Foto: Lars Kristian Gjerde*





Sandvasshytta Foto: Lars Kristian Gjerde



Blomstølen Foto: Lars Kristian Gjerde

**TIL SANDVASSHYTTA** kommer en langs T-merket sti fra Markhus. En kan starte helt nede ved fjorden, ved gamleveien, rett overfor den gamle butikken, og så følge den gamle gangveien bratt opp til de øverste gardene, eller en kan kjøre opp den nyere veien, inn i elvejuvet litt lenger øst. Her oppe er det en parkeringsplass der en betaler et lite gebyr. En følger så veien opp til den øverste garden, her starter den T-merkede stien, går opp Markhuslia, forbi noen støler/hytter opp til Nautavatnet, over Kleivanuten sør for vatnet og ned til hytta. Turen tar ca. 4 timer.

Sandvasshytta kan også nåes fra Sauda. En kjører da inn Åbødalen til parkering, og fortsetter på vei, senere T-merket sti innover dalen, så en god stigning opp til Viaskard og utover i høyden på østsiden av Sandvatnet fram til hytta. Turen tar ca. 5 timer. Fra Sandvasshytta fortsetter T-merket sti østover til Simlebu, 5 timer.

Fra stuevindue i hytta har en panoramautsikt over vatnet og mot Skautanuten, 1250 m.o.h. Den kan være et fristende turmål, men det er en lang og bratt

tur og anbefales bare de sprekkeste. Den enkleste veien ser ut til å være vest for Sandvatnet og så langs fjellryggen opp mot toppen, men elva ut fra vatnet kan være vanskelig/umulig å passere ved god vannføring, så en sikrere vei er langs stien mot Sauda, og så bratt opp til høyre fra skardet. Selve toppen rundes på nordsiden og bestiges fra vest og sør.

**ALLE HYTTENE** til Haugesund Turistforening i Etnefjellene, inkludert Blomstølen og Sandvasshytta, står åpne hele året og ønsker gjester velkommen. De er godt utstyrt og har gass til koking og ved til fyring og de fleste har også solcellepanel til lys. Hyttene har et godt utvalg av proviant der den enkelte kan forsyne seg etter eget ønske (og lommebok). Betalingen skjer enten med engangsfullmakt (husk å ta med betalingskort) som fylles ut på hytta og legges i låst kasse, eller med kontanter som legges i pose og puttes i samme kasse. Begge hyttene har også båt, og det er fisk i vannet, selv om størrelsen ikke er så mye å skryte av. Er en heldig

kan en også støte på reinsdyr, Etnefjellene har flere småflokker som streifer omkring. Sjansene er nok større i Sandvatnområdet enn ved Blomstølen.

**TV HAUGALAND** har tidligere sendt en serie programmer som heter Ta Turen. Her har hytter i Etnefjellene fått hvert sitt program, der episode 4 omhandler Blomstølen og episode 5 Sandvasshytta. Alle programmene ligger ute på nettet, for å se disse, gå inn på: [tvh.no/serier/ta-turen](http://tvh.no/serier/ta-turen)

LARS KRISTIAN GJERDE

Haugesund Turistforening







**Alt i rifler - hagler - ammunisjon - håndvåpen -  
ladeutstyr - optikk - jaktutstyr -  
jaktradioer - børsemakertjenester**

**Alt du trenger til jakt finner du hos oss.  
Vi fikser det meste!**

**Remington.**  
**Country, U.S.A.**  
Rugged, Durable, Dependable Since 1816

**Remington 700 SPS DM** med montert demper & Leupold VX-1 til **Kr. 9.990,-**  
Med VX-R 3-9x50 & oppgradert montasje til **Kr. 13.990,-**  
Remington pumpehagle til **Kr. 3.990,-**

**Rafdal & Kvale Våpenhandel AS - Frakkagjerd - 5563 Førresfjorden - Tlf. 52 77 02 20 - post@jaktvaapen.com**

**R A F D A L**



**V Å P E N**



**Rafdal Våpen** i Etne starta opp i 1989 og har halde på med bygging og reparasjonar av våpen i snart 25 år. Målet har heile tida vore å levere kvalitetsvarer og kvalitetsarbeid til kundar over heile landet. I dag har me dei aller fleste kundane våre utanfor lokaldistriktet.

Hjå oss kan du få bygd deg ei jakt eller konkurranserifle med dei spesifikasjonar du ynskjer. Me legg vekt på at våpenet skal passe brukaren, og bruken det er tiltenkt.

Me importerer ei rekkje varer frå USA og Tyskland, og kan tilby både fiberskjefter og løpsemner av topp kvalitet.

**Rafdal Våpen Etne DA - Tel/Mob. 53 75 49 20 / 913 84 864 - firmapost@rafdal-vapen.no - www.rafdal-vapen.no**

**HAUSKEN**  
**LYDDEMPER**



**Lyddempere til alle kaliber.  
Når kun det beste teller!**

Med 20 års erfaring innen lyddemperteknologi er Hausken et treffsikkert valg.

**NYHET - JAKT serie** gir deg mer demping. Se nr. 2/2013 bladet **Jakt**  
"Den mest kreative til å presentere nye lyddemperar er heilt klart Hausken." J. Lien

JD155 - Kr. 2.800,- L. 155mm - Vekt 314g - Effekt 25 dB

JD191 - Kr. 3.200,- L. 191mm - Vekt 360g - Effekt 29 dB

JD228 - Kr. 3.690,- L. 228mm - Vekt 430g - Effekt 35 dB

**Tel/Mob. 52 77 54 70 / 996 47 229 - post@hausken.no - www.hausken.no**



**VELKOMMEN TIL VILLMARKSMESSA ETNE 20-21. april 2013 - STAND 01-02**



Kjem til messa:



Kom til messa og møt desse fantastiske flogebindarane. Dei vert å treffe under heile messa i messehallen.

**Kurs i flogebinding**  
laurd. kl 13.30-15.30  
sønd. kl 13.00-15.00  
kr 300,- for vaksne  
kr 150,- for barn.  
Førehandspåmelding til  
vidar@villmarketne.no el-  
ler på messa.



Foto:Priva

## Long Ngoc Nguyen

Long Ngoc Nguyen er født i Melhus men oppvaksen i Asker sør for Oslo. Han har bundet floger i over 12 år, og har spesialisert seg på klassiske laksefloger. Det som gjør Long noko anleis enn dei aller fleste flogebindarar er at han ikkje fisker med floger sjølv, eller for den saks skuld driv med anna form for fiske. Han har kanskje stått på brygga hos ein ven og vært med å kaste sluk med haspelstang, men målretta fiske har ikkje vore hans greie, noko som kanskje er litt paradoksal når ein veit kor mykje tid han har brukt på å binde utallige floger.

Long studerer i dag landskapsarkitektur på Universitetet i Ås. Ved siden av studiet har han interesse for teikning, kunst, reise, taekwon do og lettare filosofering. Men den største lidenskapen er nok å binde klassiske

laksefloger. Long kan bruke timar på å binde ei floger. Eit klassisk mønster av ei laksefloger som feks. Jock Scott floger, kan ta opptil 12 til 15 timer, kanskje meir når det skal gjørast skikkeleg. Detaljar og proposjonar blir derfor ganske viktig å jobbe med når ein bruker så mykje tid på å finpusse flogedeialet.

Dei fleste flogene Long binder havnar i boksar i samlinga hans. Noken blir ramma inn for salg, men dei aller fleste vert nok liggende i samlinga. Å binde floger har vorte ein livsstil for Long, kanskje ein måte å komma nærare seg sjølv, som ei slags meditering. Han har forøvrig endeleg fatta interesse for sjøve flogefiske, og har i sommar endeleg planer om å byrje å fiske laks med flogestang.

# Flogebindarar



Foto:Priva

## Sigve Monsen

Sigve starta med flogebinding allereie i 7 års alderen og fikk si første flogestang av sin far då han var tolv år gammal. Det er i år 30 år sida dei første flogene forlot bindestikka til Sigve.

Sigve er er lidenskapeleg opptatt av fiske med myggimitasjonar på stille vatn, og gjerne rett etter isen er gått. Å Smyga seg innpå lettskremt ørret som head'n' tail vaker på nyklekka mygg, er det som opptar Sigve mest. Resten av året utover oppsøker han mest rennande vatn, gode døgnflueklekkingar og helst langt vekk frå folk.



## Klatring for store og små

Etter at Skakkesenteret vart ferdigstilt i januar 2012, er det vel knapt ein aktivitet som har vorte meir populær en klatring. Det har myldra med både små og store klatrarar etter at den nye veggen vart opna. **Etne klatreklubb** set av fleire timar både laurdag og søndag under messa slik at folk kan få prøva klatreferdighetane sine. Sjå program for stad og tidspunkt.



(Foto: Svein Egil Økland)

## Kastekonkurranse

Me freistar i år å få til kastekonkurranse for små og store like ved messehallen/Skakkesenteret. For dei yngste vert det kasting med haspelstang mot presisjonsmål, medan det for dei som vågar seg på flugekasting, vert lengste kastet som vinn. Her vert det berre tillate med ein-hands stang klasse 5, og ein kan sjølv ha med favorittstanga. Me har og som mål å terge opp fiskeutstyrsleverandørane til å rigge det dei meiner er den aller beste stanga, og så kan alle som ynskjer det teste desse opp mot egne stenger. Det vert jo spanande å sjå kven som kastar lengst, og ikkje minst, kva stang dei kastar lengst med. Me lover fine premiar til vinnarane. Den som kastar lengst får fin premie, samt heider og ære. I tillegg har me eit fiskedøger i EJFF si sone 3, som me trekkjer ut blant alle som deltek på flugekastinga. Påmelding vert i infosranken i vestibyen på Skakkesenteret eller på grasbanen like ved senteret, og påmeldinga varer heilt fram til me rundar av kastinga.



(Foto: Morten B. Stensaker)



(Foto: Albert Inge Rafdal)

## Villmarkscamp

Også i år freistar me oss på villmarkscamp ved sone 3 i Etneelva. Dette vert ein camp med overnatting for dei frå 8 år og oppover. Her kan ein ha med eige telt, og ein MÅ ha med eigne sovepose og eige liggeunderlag.

I 2012 hadde me Villmarksjenta til å leie campen, i år har me lokale vaksne med god telt/turerfaring. Fjoråret vart ein suksess, der alle kosa seg stort, laga bål, grilla hamburgerar av

hjordekjøtt og leika til dei la seg i telta noko seint.

Me vil stå for maten, som vert passende varm kveldsmat laga på bål, samt frukost på morgonen.

**Påmelding til vidar@villmarketne.no innan 19. april.**

Me har berre eit fåtal plassar, så det gjeld å vere rask å melde seg på.

Pris kr 350,- per person.

## Seljefløytespikking

Det er vår i lufta og kva er vel meire naturleg en å spikke seljefløyter no når sevja er i ferd med å trekke ut i trea. Alle born og unge er hjartelig velkommen til å få opplæring i å lage seljefløyte hjå **Kåre Rafdal** under årets messe. Sjå program for stad og tidspunkt.



(Foto: Albert Inge Rafdal)



## Ri på hest

Lyst å ri på hest? På Villmarksmessa har me også i år tilbod til barn og unge om å få prøve seg på hesteryggen.

Tove Aune stiller med firbeinte i alle storleikar og fasongar. Møt ved Saloonen mellom kl 12.00 og 15.00 laurdag og søndag.

(Foto: Albert Inge Rafdal)

Kr 40,- per tur.

## Foto- og biletebehandlingskurs (Photoshop)

Utflytta Etnesbu og frilansfotograf **Espen Mills** held fotokurs på Villmarksmessa. Espen er utdanna lærar med fordjuping i idrett, naturfag og friluftsliv, og bur og jobbar i Stavanger. Han har faste fotokurs og jobbar som frilansfotograf. På villmarksmessa vil kurset ha ekstra fokus på naturfoto. Espen held og kurs i biletebehandling, så her kan ein få pose og sekk, lære å både ta foto, samt redigera dei. **Påmelding innan 18.april.**



(Foto: Espen Mills)

## Pøsekonkurranse

Bli med i kåringa av «den beste viltpølsa». Også i år vil me freiste kåre den beste viltpølsa. Ta med deg di eigenproduserte pølse, og lever den i infosranken eller i kafeen på Skakkesenteret. Du må levere inn pølsa før kl.12.00 på søndag, då fagjuryen må få tid på seg til å koke eller trekkje pølsene før dei skal smaka seg fram til kven som har vore mest heldig eller dyktig med oppskrifta frå siste produksjon. Me vonar mange vil delta på denne konkurransen, og lovar premie til den med den beste pølsa. Hugs; alt av vilt er lov, så om det er hjort, elg, rådyr, villsvin, hare, rype eller mår (mårpølse!) så kan den vere med i konkurransen. Lukke til!

## Andre aktivitetar for barn og unge

Nartursti, kastekonkurranse for born, flugekastekonkurranse for vaksne. Aktivitetar for born ved Småfolk barnehage og aktivitetar for born ved Husflidlaget. Sjå program på baksida for tid og stad.

## Matsservering under messa

Ja, utan mat og drykk, vert villmenn fort lei av å traske rundt, så arrangøren av Villmarksmessa Etne vil syte for at det til ein kvar tid vert mogeleg å få fyllt opp tanken.

### Mat og kos fredag 19.april

I forbindelse med foredraget til Cecilie Skog fredag den 19.april vert det åpen bar med servering av «spekestein», spekemat servert på skiferstein, i foajéen på Skakke mellom kl.18.00 og 22.00. (Baren er åpen til kl.24.00)

### Kafeen på kulturhuset

Kafeen er åpen laurdag frå 12.00-17.00 og søndag frå 12.00-16.00 for servering av middag. På menyen står kjøttkaker, viltgryte og sjølvfiska aure i frå Stordalsvatnet.



(Foto: Villmarksmessa Etne)

### Kiosken på Skakke

I kiosken i foajéen på Skakke får du kjøpt fiskesuppe, speketallerken, baguettar og kisokvarer. Kiosken er åpen i messa sine åpningstider.



## Lars Lundal

Fjellmann og tidlegare  
ordførar i Etne



## God tur!

Mor mi var budeie på mange stolar i sin ungdom, far levde sine første leveår på fjellgarden Lundal. Kanskje har eg mi store interesse for fjellheimen i frå dei? Men eg har óg vore med mange eldre bygdefolk i fjellheimen. Det som dei har fortald om fjellet har eg alltid likt å høyra på.

Eg var med å tok mitt første revebøle i mai 1960, og same hausten skaut eg i første rypa. Fjellheimen har seinare prega livet mitt, og når eg bygde hytta mi «Larsebu» i 1963, var alt berre velstand.

Frå 1960 talet har eg notert ned kvart rypepar og har sett om våren, og det same med antall kull om sumaren. Eg trur det er viktig å ha slikt nedskreive i dagbøker, utan er det lett for at ein kan minnst feil. Me minnst kanskje best dei åra det var mest fugl.

**DET HAR VORE** mange diskusjonar om rypebestanden i det siste, mange har meiningar om kvifor det gradvis har minka med rypa dei siste åra. Men me veit óg at det var dårlege rypeår langt tilbake. Gamle jegarar og har snakka med har fortald om store variasjonar.

Eg ser i mine dagbøker at det har vore store variasjonar i stamfugl og kull sidan 60- talet. Det minste eg har sett er 11 par, og det meste er 54 par i same område frå 1 mai. Ein vår fann eg 18 drepne ryper, det seier seg sjølv at det påverka rypehausten.

**FRÅ 1960 OG FRAM** mot 90-talet vart det tatt mykje rovvilt i det same område som eg tel ryper. Kan nemna at eg saman med Jakob Markhus tok 27 revar i mai månad 1978. I bøla fann me mykje viser etter ryper og hare. Heldigvis var det mykje mus i fjellet det året. Det sparde nok livet til mange ryper m.m. Det uroa meg at det ikkje har vore lemen i Markhusfjellet sidan 2001. Dette er svært uvanleg og påvirkar balansen i naturen.

Eg ser og i mine jaktjournalar at det har vore store variasjonar i jaktbytte om hausten. Det er mange ting som påvirkar dette, ikkje berre rypebestanden. Vær og føreforhold spelar også inn, rypa forandrar ofte plasser i forhold til verforhold.

Helga 8. og 9 okt. '66 låg eg og min gode ven Kåre Rafdal på Larsebu. Me jakta saman den første dagen, og kom attende til hytta om kvelden med 14 ryper kvar. Det kom to nye jegarar opp om

kvelden, og eg gjekk saman med dei i det same område me hadde jakta dagen før. Me skaut tilsaman 19 stykker. Kåre gjekk i eit anna område, og han kom over endå meire fugl. Han skaut då 21 stykker, 13 stk i same nuten. Men ikkje alle fekk fugl då heller, onkelen min og ein annan kar låg ei veke i fjellet på jakt, men fekk berre 9 ryper heile veka. Dei gjekk nok i feil terreng.

Kanskje er hausten '88 den beste rypehausten eg minnst. På fem dagar i oktober skaut eg 77 ryper. 24 på ein dag. Det kan virka som om det vart jakta for hardt, men eg trur ikkje det har vore skote meir enn ca 20 prosent pr. sesong i områder der eg følger med.

*Eg meiner ikkje at me skal utrydda rovviltet, men balansen i naturen må tilpassast.*

**LARS SPONHEIM SA** i Stortinget at kvar mann burde ha si høne. I Etne har me det endå betre, då eg trur at me har ca. 6000 haustryper i kommunen, det vil sei 1,5 rypa til kvar innbyggjar. Det skulle vore kjekt å hatt ei stor varteljing i kommunen.

Eg er noko negativ til framtidige rypeår. Skal me ikkje gjera noko med forvaltninga av vårt rovvilt, vil det på sikt bli slutt på rypejakta. Eg trur ikkje at rypa vil tola beskatninga av jegarar og rovvilt. Eg meiner ikkje at me skal utrydda rovviltet, men balansen i naturen må tilpassast.

## Litt om hjorteviltet:

I 1957 vart dei første hjortane sett på veggside av Åkrafjorden. Bestanden auka sterkt fram til kring år 2000, då gjekk bestanden tilbake, slik eg ser det. Eg trur det er rett av Viltnemda å sjå på antal løyve som vert delt ut i kommunen. Rådyr aukar det med langs heile Åkrafjorden. Samla sett er det mange alternative jaktmuligheter for ein jegar i Etne Kommune. For dei som ikkje jaktar er det store muligheter for fiske i fjellvatna me har i Etnesfjella. Det kan óg vera fine turar om hausten, der ein kan plukka multer, blåbær og tyttebær. Eg vil berre oppmoda folk til å nytta dei fantastiske ressursane me har i kommunen.

## Hagekurs i pilfletting søndag 21.4

Meld deg på kurs med Drude Isene som har lang fartstid og mykje erfaring med pilfletting.

Lær å lage flotte plantestativ som kan stå i krukke eller bed. Me fletter óg eit enkelt tre i levande pil, som utover sommeren vil utvikle grønn krone og som virkelig pynter opp i hagen eller på terrassen.

**Kurs 1- Kl. 10-12.30 // Kurs 2 - kl. 13-15.30**

Pris for kurset er 500,- (Pilmaterialer inkludert)  
Begrensa kursplassar!

Påmelding til Drude på [drude.isene@c2i.net](mailto:drude.isene@c2i.net) eller på tlf: 99 32 63 32 innan 20.april

Søreskogen

VILLMARKS  
MESSAETNE 

**OLD RIVER  
SALOON**

Etne - Tlf. 97524667  
oldriver@saloon.no  
www.saloon.no

**Lørdag 20. april kl. 22-02**  
Villmarkscountry



**TORE ANDERSEN**

Lørd 11.mai: Elisabeth  
Lørd 18.mai: Big Kjell  
Lørd 25.mai: Gil Edwards (US)  
Lørd 01.juni: Charles Breakspare (UK)  
Lørd 29.juni: Clutter Billies  
Lørd 03.aug: Kurt Nilsen

Fotball - Sjå facebook  
Nv Bubilcamp - Gjestehus - Blåtur - Selskap - Jubileum



Frå Romsfjella har ferda gått til Nordpolen, Himalaya og Mount Everest. På Villmarksmessa tar Cecilie Skog deg med i hennar egne fotspor til verdas villaste villmarker.

# Tar deg med i verds toppen

Det byrja med fjella på Sunnmøre, så Jotunheimen og Rondane, deretter Mount Everest og Kilimanjaro.

- Alt har kome som naturlege nestesteg. Fascinasjonen for villmarka har lege latent i meg sidan eg var lita jente.

I 2006 nådde Cecilie Skog Nordpolen. Og med det kunne Ålesund-kvinna i ein alder av 32 visa til ei merittliste ingen andre kvinner har klart å gjennomføra til dags dato: Skog kunne då kvittera med "the grand slam" blant alle eventyrarar - ho hadde toppa dei høgaste fjella på kvart kontinent og nådd begge polar.

## Frå barnsbein av

Frå scenen på Villmarksmessa tar ho publikum med gjennom is-aude og til himmelhøge tindar. Over Arktis og Antarktis, og ein tur innom Himalaya og Mount Blanc. Gjennom bilde, film, musikk og forteljing guidar ho oss gjennom sine «nuteringar» i verdsklasse.

Skog har i løpet av dei siste 15 åra lagt bak seg den eine store ekspedisjonsdraumen etter den andre. Alt dette utan å aspirera til å verken bli rekordhaldar eller eventyrar. Det heile har bygd seg opp, sakte med sikkert frå barnsbein av – då det kjekkaste ho visste var å reisa til hytta på Romsfjellet.

- Sidan eg var lita kan eg hugsa kor enormt eg gledde meg til å komma meg ut og til fjells. Til hytta vår - utan elektrisitet, innlagt vatn eller toalett. Der me kun hadde tid og fred. Samtidig hadde eg ein lærar på barnskulen som meinte at all undervisning kunne føregå utandørs, og som fjerdeklassingar hadde me

skuletimei bekmørkret og hørde på orrfuglsongen kl 04.00 om natta. Det har nok sett sine spor, fortel Skog.

Den store villmarkstrangen fekk for alvor utfalda seg over verdstoppene etter at ho ho 22 år gammal sto på Mount Blanc som den første store internasjonale tindebestigningen av mange.

## I verdstoppen

Deretter gjekk turen til Aconcagua i Sør-Amerika med sine 7000 høgdemeter i 1999, Denali, Alaska (6200 moh) i 2001, Elbrus, Russland (5600 moh) i 2003, og Cho Oyo, Nepal (8200 moh) same år. Turen gjekk over Grønland i 2004, same år som ho toppa Mount Everest. Ho sette flaget på Sørpolen i 2005 og Nordpolen i 2006. For å nemna noko. Og nå sist; over Antarktis på 70 dagar i 2010 og til topps på Himalaya i fjor.

- Det er umogleg å kunna velja ein ekspedisjon betre enn dei andre. Det ville vera som å velja ein favoritt blant borna sine.

- Alle turar har sine fasar, og det er alltid unikt å vera midt oppi det, med all tid i verda og berre naturleg fred rundt seg, fortel Skog.

## - Takknemleg

Likevel var det ei tid i livet ho var redd ho aldri ville kunna nyta villmarka igjen. Blant dei mange gode opplevingane, er det ein ekspedisjon som tragisk skil seg ut.

1. august 2008 var ho saman med ektemannen Rolf Bae på veg ned frå K2 – eit av verdas høgaste og

farligaste fjell. Bae blei teken av eit isras og kom aldri ned att.

- Eg lurte på om eg nokon gong ville klara å koma meg ut i villmarka og på tur igjen. Men naturen blei mi behandling for å komme meg tilbake til hektene. Eg har aldri før vore så takknemlig for å kunna koma meg ut i villmarka som eg var då eg først klarte ta det steget igjen, fortel Skog, som dei siste åra har blitt eit kjent fjes for fleire enn villmarksinteresserte, gjennom ei rekkje TV-program, bøker og foredrag.

## Til havs

- For Villmarksmessa var Skog vårt soleklare førsteval då me såg oss rundt etter ein aktuell og spanande foredragshaldar. Me veit av tilbakemeldingar frå andre at ho leverer eit knallbra foredrag som publikum verkeleg har noko igjen for, seier prosjektleder for villmarksmessa, Vidar Lund.

I år har Skog nytt vinterveken i Middelhavet for å læra seg segling på eigen, nybygd seglbåt. Nye ekspedisjonar er så langt ikkje planlagt.

- Eg har ingen konkrete planar enno. Nå skal eg læra meg å segla. Forhåpentlegvis kjem me oss ut frå Middelhavet også om ikkje så lenge. Og båten er jo isforsterka, så kven veit kor me set kursen hen.

KARI AAKRA



- Sidan eg var lita kan eg hugsa kor enormt eg gledde meg til å komma meg ut og til fjells. Til hytta vår - utan elektrisitet, innlagt vatn eller toalett. Der me kun hadde tid og fred.





# Alt du trenger til et aktivt liv!

PÅ STANDEN TIL FK BUTIKKEN ETNE



## MOTORSAG

MS 181 C-BE 35 CM

Motorsag for hjem og fritid. Ideell til å sage ved, bygningsarbeid og til å felle mindre trær.

**2490,-**  
(3290,-)



## MOTORSAG

MS 211 C-BE

Effektsterk, toppmoderne bensinsag med lave vibrasjoner og ekstra sterk hardmetallkjede med på kjøpet.

**2990,-**

KNALL-PRIS!

LEI AV Å FILE?



MUCKBOOT  
STØVEL  
AVON

**590,-**  
Før 990,-

GRATIS  
JERVENCAPS  
TIL ALLE SOM  
KJØPER  
JERVENDUK  
Verdi 199,-

JERVEN  
FJELLDUK

Original skog- eller fjellkamu:

**950,-**  
Før 1130,-




Hunter skog- eller fjellkamu:

**1950,-**  
Før 2420,-



BAKE- OG RØYKEOVN  
FOR BRUK PÅ BÅLPANNE

**1290,-**  
Før 1490,-



NYHET!

## VAFFELJERN

ESPEGARD STØPEJERN

Nå kan du kose deg med nystekte vaffer ved bålpannen. Neoprene-futeral.

**290,-**  
Før 349,-



**1790,-**  
(2290,-)

## BÅLPANNE

ESPEGARD 60 CM MED GRILLRIST

Bålpanne – et sikkert ildsted for bålpyring på hytta og i hagen. Leveres komplett med grillrist i rustfritt stål. Pannediameter på 60cm. Står støtt uansett underlag. Høyde 185 cm. Vekt ca.30kg.



## STEKEPANNE

I STØPEGODS  
M/LANGT SKAFT

**350,-**  
før 449,-

NYHET!

STEIKEHELLE  
I RUSTFRITT STÅL 60 CM

**450,-**  
før 699,-

HONDA ATV  
420 ccm og 500 ccm

UTSTYR TIL ATV FRÅ DJELES  
**-20%**



**butikkken**

fkra.no/fkbutikkken

FK butikken Etne  
Tlf. 53 77 1130

Tilboda gjeld 20. og 21. april  
Førbehold om utsolgt.





(Foto: Vindafjord Knivklubb)

## Knivklubben i Vindafjord

Dei er nærast å rekne som eit obligatorisk innslag på ei lokal villmarksmesse, karane frå Vindafjord Knivklubb. Sidan oppstarten i 1986, har det nok blitt laga hundrevis, ja, kanskje tusenvis av knivar blant medlemmane. Alt frå bruksknivar ein tek med seg på skogen, til finslegare bunadsknivar står på repertoaret. Som ei rifle treng eit godt løp for å vere brukande, treng ein god kniv eit bra blad.

Knut Arne Skjervheim har eiga smie på garden sin i Vats, der han smir knivblad både til medlemmane i den lokale knivklubben og til folk frå fjern og nær.

Underteikna har sjølv fleire slike blad, og kan skrive under på at dei vert så kvasse ein mest kan splitte dopapir på langs om ein berre set dei opp rett.

På Villmarksmessa ynskjer knivklubben å vise fram knivar dei lagar, og kanskje får du kjøpt deg ein kniv, eller i alle høve bestilt deg ein, om du er flink å forhandle. Det er nemleg ikkje profittjaget som er drivkrafta bak produksjonen, heller ikkje store salstal.

Om ikkje anna kan du finne spanande inspirasjon og mange gode tips til korleis du kan få laga deg din eigen kniv.



(Foto: Norges Buejegerforbund)

## Norges Buejegerforbund

For oss som jaktar med moderne jaktvåpen, fortonar kanskje jakt med boge seg som aldeles håplaus. Her tek me nok feil. Rett nok er det mykje større krav til ein som ynskjer suksess med bogen i høve til rifla, men for dei som meistrar dette, så vil nok vinsten av å lukkast følast betre. Drepeevna til ei moderne jaktpil er svært god, ofte like god som for ei riflekule. Utfordringa ligg i å kome nær nok byttet, samt å bedømme avstanden til byttet nøyaktig.

I Kvinnherad finn me ein lokal bogejegerklubb tilknytt Norges Buejegerforbund. Dei har om lag 30 aktive medlemmar, og driv jamt med trening, kursing og konkurransar innan sporten. I juni i år skal dei arrangere det som kan reknast som NM for bogejegerar. Sjølv sagt vert det då ikkje skote mot dyr, som kjent er det ikkje tillate med bogejakt i Noreg så langt. Måla dei då skyt på er 3D figurar av dyreskrottar.

Under villmarksmessa vil du finne representantar for Bogejegerane på eigna stad like utafor messehallen. Eigna i den forstand at her får du teste skyteferdigheitane med boge, samt slege av ein prat med dei ivrige bogejegerane frå Kvinnherad. Du kan lese meir om dei på: [kvinnherad.nbjf.net](http://kvinnherad.nbjf.net).

Norges Buejegerforbund presenterer seg sjølv slik: NBJF's overordnete

mål er å få tilbake muligheten til å jakte med pil og bue i Norge. Dette ble mer eller mindre utilsiktet forhindret da viltloven fikk en paragraf på 70-tallet som sier at til jakt kan bare brukes våpen med kruttladning. Jakt med pil og bue drives i våre naboland Danmark, Finland og Åland i tillegg til mange andre land i Europa, Afrika, Nord-Amerika, Canada og Australia for å nevne noen. Stadig flere land åpner for pil og bue som jaktvåpen. Det er verdt å merke seg at dagens buer og piler ikke kan sammelignes med primitive buer.

Driver informasjon og opplæring i jakt med pil og bue. Informasjonsarbeidet foregår via jakt- og friluftsmesser og i media forøvrig. Vi holder generelle kurs og sertifiseringskurs (IBEP).

Utgir medlemsbladet "Buejegeren" 3 ganger/årlig.

Samarbeider i Norge med NJFF og de store grunneierorganisasjonene. Internasjonalt med EBF, CIC, FACE.

NBJF har regionskontakter rundt om i landet og flere lokale klubber tilknyttet NBJF. Kan legge til at flere nye klubber dannes hvert år.

Vi har en sentral 3d-bane og klubbene har lokale baner for trening og konkurranseskyting. [www.nbjf.net](http://www.nbjf.net)

**Viltburger i brød**

**Viltgrillpølse i brød**

- Viltkarbonader
- Viltgrill
- Middagspølse av hjort og elg
- Skakkelaks (konjakkmarinert røykelaks)

Alt i laus vekt.




Kom og smak middagspølsa av hjort og elg som tok Tyskland med storm under verdas største matmesse i Berlin i februar.



**skakke foredling**

TA KONTAKT:  
Roy Martin Øyjord  
909 32 295  
[roy@arcus-vita.no](mailto:roy@arcus-vita.no)



**Viltkjøtt • Viltpølser • Viltkarbonader • Skakkelaks**

## Våpentips

For deg som er eigar av lydempar har me eit veldig bra tips. Skru av demparen så snart som råd etter du har skote! Demparen fungerer ikkje berre på smellen, den er og ein rustgenerator av dei sjeldne. Me har bytt mange løp som følge av at demparen har stått på våpenet etter skyting, og nitros gass har blitt liggjande i løpet.

Før jakta, sjekk over alle skruar på våpenet. Det gjeld alt frå skjefteskruar til kikkertmontasje. Det er vanskeleg å treffe der du peikar om noko er laust!

Når jakta er over, skru metallet ut av stokken og gjer dette reint, samt sett



(Foto: Albert Inge Rafdal)

det inn med olje. Sjekk over avtrekk og anna for å sjå at det sit som det skal, og er fritt for rust eller skit.



# Grindverksbygging på messa

**Leirong Kystlag frå Nedstrand deltek i Etne og på stor maritim festival i Frankrike.**

Leirong Kystlag driv med kystkulturvern som ein av 120 kystlag med 9000 medlemmer fordelt rundt i heile Noreg. Mottoet er vern gjennom bruk. Her er bruk av tradisjonsbåtar viktig, men kystkultur er mykje meir. Som ein del av dette har dei drive med grindbygning sidan 2007. Det første bygget skulle opp som naust, men på vegen er huset satt opp og tatt ned fleire gonger, blant anna i Frankrike på maritim festival.

Kystlaget deltek på villmarksmessa i Etne for å demonstrera arbeidsgangen med å setja opp eit grindbygg frå grunnen av. I rundtømmer som er 3 x 3,5 m. Tradisjonelt var det øks, bile, bandakniv, navar og hoggjern som var reiskapane til tømmerarbeid, nå vert også elektrisk drill og motorsag brukt.



(Foto: Leirong Kystlag)

## Festivalen i Brest

Brest internasjonale maritime festival i Frankrike er en kjempestor samling av maritim kultur og teknologi frå heile verden. 700 000 besøkande, 2000 båtar og skip frå heile verden samla mannskap på 15000, 800 akkrediterte journalistar, 25 TV selskap. Med andre ord et av Europas største kulturarrangement.

Leirong kystlag har som del av ein stor Norsk stand, delteke med grindbygg to gonger. I 2012 hadde Noreg en landsby

som besto av 10 grindbygg et stavnaust ein naustgamme og eit fiskehjell. Stappfulle av norsk kultur og teknologi.

Huset kystlaget hadde med i 2012 var i utgangspunktet to gamle bygg som dei fekk frå Nedstrand bygdemuseum. Disse viste seg å være i svært dårlig stand. Store deler av bygget vart bytta ut. Dette vart gjort som kurs. Huset vart så sett opp midlertidig før dei tok det ned og pakka det for reisa til Brest. Huset vart lasta på bil og frakta til Kristiansand, før

det om bord i ei gammel hurtigrute, som nå går under namnet Sjøkurs, for vidare til Brest.

Dei hadde gode krefter med på laget blant anna Westcon som sponsa med både pengar og verktøy.

Etter heimkomst er huset satt opp på ny og brukast som ly for nokre av våre båtar.

Kva er eit Grindverkshus

Bygget som Leirong kystlag set opp på villmarksmessa i Etne er nytt og skore av eigenfelt tømmer. Det er første gong dette vert bygd og det gjer det ekstra spanande å fylgja monteringa.

Grindverksbygget representerer ein historisk byggetradisjon på Vestlandet. Dette er en del av tradisjonen som heiter stavbygg som går langt tilbake og blant anna er nytta i stavkyrkjene. Me kjenner byggemåten frå løer, utmarksbygningar og naust heilt fram til midten av 1900-tallet. Konstruksjonen kan verka primitiv, men det er den ikkje. Den er nøye gjennomtenkt, både med tanke på styrke, funksjonalitet og materialtek-

nologi.

Leirong kystlag ynskjer å ta vare på denne byggemåten og vidareføre den til nye generasjoner. Dei har satt opp fleire hus for å ta vare på kunnskap og byggeskikk.

Grindverkshusa kan nyttast til nær sagt kva som helst der du har trong for å vera under tak. Konstruksjonen står støtt enten du ynskjer eit hus utan vegger, eller med tak og vegger som høver for eit kvart bruk. Med torv på taket, takstein eller skifer/rasteheller/villheller glir huset godt inn i eit kvart miljø, til døme ved sjøen som naust.

Huset er enkelt å montera. Alle samanføyingar er tilpassa og prøvd og delane er sikra med grove trenaglar som det berre er å slå gjennom hola. Det vert ikkje brukt spiker i hovudkonstruksjonen og det er difor ikkje den store jobben å flytta huset. Det er sjeldan me får sjå grindverksbygging i dag. Ein god grunn til å vitja Villmarksmessa i Etne.

## ENKLERE ENN DU TROR

SAUDA- OG ETNEFJELLENE – Fjellryggen som starter i Røldal-/Seljestadområdet og strekker seg utover mot Haugalandet, har mange flotte naturkvaliteter. Høyfjell med bratte lier og kraftige fosser, vennlige daler med fine uberørte vassdrag, bjørkeskog og blåbærlyng.

I dette varierte turorådet har Haugesund Turistforening mange lett tilgjengelige hytter til alles glede og nytte. Gjør du klar sekken for en fjelltur er du allerede langt på vei til store naturopplevelser, som GARANTERT vil gi mersmak!

MYE KAN OPPLEVES PÅ EN HELG!







Besøk turplanleggeren på våre nettsider. Der presenteres også stadig lokale turer og nyheter og utfyllende info om hyttetilbudet og hyttene.

[www.turistforeningen.no/haugesund](http://www.turistforeningen.no/haugesund)



Tlf.: 52715311 | Postboks 432 5501 Haugesund | [haugesund@turistforeningen.no](mailto:haugesund@turistforeningen.no) | <http://www.turistforeningen.no>



 Løkjelvatnhytta 625 moh	 Storavassbu 575 moh	 Blomstølen 630 moh
 Simlebu 780 moh	 Olalihytta 460 moh	 Sandvasshytta 825 moh



Naturopplevelser for livet

Haugesund Turistforening





# Pilfletting og pilkurs

## Den lokale pileksperten, Drude Isene kjem til Villmarksmessa

Drude Isene har markert seg på Haugalandet – og vel så det, som pilentusiast. Pil er blitt populært, både i hage og som tørre produkt som korgjer og veggpynt td. Ho bur på Søre Skogen i Skjold og har der bygd opp ein solid produksjon av pil.

På Villmarksmessa vil ho ha to korte kurs på søndagen, vin- kla mot hagen. Det blir å laga blomestativ og enkle, levande tre som kan setjast i potte, ha- gejord eller bed og som skal få ei frisk, grøn krone i løpet av sommaren. Pilgreinene skal altså røta seg, og må vatnast og klyppast i fasong. Blir det stelt godt, er det noko ein kan ha i mange år.

### Produkt for sal

Drude Isene lagar ei rekke pro- dukt av tørka pil, som korgjer, boller, vesker mm. Til Vill- marksmessa vil ho mellom anna ha med seg nokre fletta fuglehus. Ho vil også ha med litt meir avanserte levande pil-



(Foto: Drude Isene, Søreskogen.no)

tre, som ikkje er så lett å få til på eit kort kurs.

### Forskningsprosjekt

Drude Isene har saman med Samson Øvstebø frå Åkrafjor- den, som også deltek på Vill- marksmessa, fått tildelt for- skningsmidlar for å kartleggja og forska på ulike flettetradis- sjonar. Norsk Kulturråd for- valtar pengane saman med ein kulturorganisasjon i Polen, det polske kulturdepartementet. Frå Polen deltek 3-4 kvinner, der den eine er etnolog. Det er lite nedskive om pilflettings- tradisjonar, det er handborne kunnskapar som no skal kart- leggjast via film, foto og å laga modellar. Dei er interesserte i å koma i kontakt med tradisjons- bærarar som har lært fletting av sine foreldre / besteforeldre mv, spesielt dei som flettar i hassel, seier Drude.

Fletting er eit levande hand- verk i mange land, og det er etablert eit stort internasjonalt nettverk. Forskningsprosjektet skal munna ut i skriftleg do- kumentasjon, nettartiklar + ei stor verdskongress i Polen der det kjem flettarar ma. frå Afrika.

RAGNI SUNNIVA FETT

## Gamalt handverk frå Åkra



(Foto: Privat)

Samson Øvstebø er ein av desse godt vaksne karane som i årevis har jobba med tre, og som elsker å arbeida fram produkter tufta på gamle handverkstradisjonar. Ut ifrå verkstaden hans kjem det ein jamn straum av sendingskorgjer, kiper, kråskap, barnesenger, kister, tiner, trau og mykje meir. Me er glade for at det framleis finns folk som jobbar etter gamle prinsip- per, og ser fram til at Samson kjem til messa for å syna fram handverket sitt.



 Fullservice-verksted for alle bilmerker.

 Me har også eit godt utval av bruktbilar.

 Leigebil til kr 375,- pr. dag i den avtalte reperaturstiden.



**På vår nettside kan du enkelt bestille time eller komme med forespørsel...**

**[www.etneauto.no](http://www.etneauto.no)**







# Stordalsvatnet

## – ein spanande fiskeressurs

### Stordalsvatnet

- Stordalsvatnet ligg i Etne kommune, langs E134
- Vatnet er om lag 10 km langt. Vatnet er relativt djupt, med om lag 100 meter på det djupaste, store delar av vatnet sin øvre del er over 60 meter djupt.
- Du finn Aure, Røye, Ål og trepigga Stingsild i vatnet. Fiskekort får ein kjøpt m.a. hjå E. Grindheim & Sønn. Kortet kostar kr 50,- for vekekort, og kr.100,- for årskort.
- Fiske med all form for handreiskap er lov. Ynskjer du å setje garn, er det berre å spørje grunneigar. Det er moglege å leige båt om ein ynskjer dette. Er du interessert, finn du endå meir på fjellørret.no

#### Fun Facts:

- Det vert av enkelte hevda å vera Malle, eller «Sjøorm» i Stordalsvatnet. Mange observasjonar opp igjennom åra, i tillegg til at det på 60-taket vart fanga ein Malle på garn, gjer mange overtydde om at slike skapningar finnes, eller i det minste, har funnest. Størrelsen spør du, ja, du bør stå litt godt inne på land når du fiskar, kan me vel seia.

*Kåre Rafdal med fangst frå Stordalsvatnet. (Foto: Albert Inge Rafdal)*

### Dei aller fleste frå distriktet kjenner til Stordalsvatnet.

Ein kan knappast ha køyrt bil austover frå vårt distrikt utan å ha passert dette over ei mil lange vatnet som er opphavet til den kjende Etneelva.

Vatnet har (visst nok) alltid hatt ein brukbar pH-verdi, grunna kalkhaldige bergartar i kringliggjande fjellmassar, og historiar attende så langt nokon nålevande personar hugsar, fortel om fisk og fiske omtrent som me kjenner det i dag.

På 80-talet, og sikkert lenge før dette, var auren stort sett småfallen, røya var liten og full av bendelorm, eller måsemakk som enkelte seier. Ein starta ei aktiv kultivering av vatnet, og målet var å betra kvaliteten på fisken. Stort sett nytta ein finmaska garn (omfar 30) og ein hadde flytegarn side om side over større område. Garna var 25X6 meter, og det vart teken opp hundre og tusenvis av røyer. Dette var eit stort arbeid, og etter kvart vart dei få engasjerte sjelene leie og fisket minka. Det var vel knappast råd å sjå noko endring i kvaliteten på fisken

heller, så mange tvila nok på effektiviteten av dette fisket.

Men, tidleg på 2000 talet byrje me å setje garn att, denne gongen med større omfar (største tillatne maskevidde i Stordalsvatnet er 22-omfar). No fekk me brått fangstar med fisk som var av heilt annan kvalitet. Røye på 3-400 gram vart heilt vanleg, og kvaliteten var veldig god. Det var framleis noko bendelorm i noko av fisken, men den såg ikkje ein gong ut som ein fjern slektning av dei me var vante med frå 80- og 90 talet. Fisk på godt over halvki- loen vart vanleg, og 700 gram var ingen sensasjon.

I vinter har me fiska ein del på isen, då det faktisk har lege is såpass lenge at den var råd å gå på. Me har fått mengder med røye, og nokre rett fine. Det viser seg at mykje av fisken ein får er fisk som har gytt, og som held seg i nærleiken av gyteplassen, men dette er stor moro som både ungar og vaksne set pris på. I tillegg er det framleis viktig å desimere bestanden, då vert berre røya endå betre.

Så var det storauren då. Rapportar om brunaure på rundt ti kilo kjenner eg fleire av, og med røye på menyen, har han hatt bra med mattilgang. Me har drive såkalla trollingfiske

etter storauren no i fleire år, og har fått opp nokre få flotte fiskar. Dette er tålmodighetsarbeid, men med relativt fine fangstar av bra matfisk (300gram til ein kilo), og gode fiskekameratar, kan ein nyta flotte kveldar på vatnet og ha spaninga med seg. Sjansen for at ein dreg på seg storfangst, er nok minst like stor i ein båt på Stordalsvatnet i det det skumrar i juni, som den er i godstolen framfor TV-apparatet når trekninga på Hamar tek til.

ALBERT INGE RAFDAL



Demo i viltpartering laurdag kl 15.00 og søndag kl 13.00  
Foredrag laurdag kl 16.30

# Hjort som matressurs

**Johan Trygve Solheim i frå Norsk Hjortesenter kjem til Etne for å halde foredrag under Villmarksmessa.**

Han vil snakke om Utviklingen i hjortebestanden som har nådd til historisk høge nivåer. Me står no midt oppi den første korrigeringen: Ein nergong som er heilt naturleg. To harde vintrar og høgt uttak gjennom jakt, gir endringer som ikkje er dramatisk, men naturleg. Det viktige fremover blir å lære seg å forvalte på ein biologisk riktig måte – for å få en sterk hjortebestand i fremtida.

**Hjorten som matressurs;** Ein vil fortsatt hauste betydelige mengder hjort frå norske skogar. Korleis skal ein syte for at flest mulig får glede av hjor-



Johan Trygve Solheim i frå Norsk Hjortesenter demonstrerer partering av viltkjøt på Villmarksmessa Etne både laurdag og søndag. (Foto: Norsk Hjortesenter)

ten? Korleis gi kjøtet den verdi det fortjener – norsk hjort er blant det ypperste og mest verdifulle kjøtet i verda!

## Viltpartering/Demonstrasjon

Blant mange utstillarar og bidragsytarar til Villmarksmessa i Etne 2013 er altså Norsk Hjortesenter. Me vil begge dagar få ein

demonstrasjon av Johan Trygve Solheim som parterer ein hjort på scenen. Dei vil då formidla tips som kan løfta jegerkjøtet opp der det fortjener å være; «Nemleg som verda beste og nydeligaste gourmetmat», seier dagleg leiar i Norsk Hjortesenter, Johan Trygve Solheim.


## POSTMORTEM ODYSSE

Han skulle gå frå Brendebu og heilt til Sandvass-stølen Men gjekk seg fast i Kaggefonna over Vasslihølen Han fyrte av ein nødrakett med sine utstø nevar Og pressa ut eit snøkvalt skrik i mellom frosne kjevar Han grov seg ner i fonna med den eine splitkeinskia Men utløyste eit snøskred som tok med seg halve lia Han åt den siste nista si med sild og hardkøkt egg Og sovna stille inn til lyd av rypestegg Då våren kom til Vasslihølen løsna han frå klakje Og glei nedover til han stoppa i ein gamal brakje Då det lei litt lenger vart han ført avstad med straumen Og vatnet fossa leikent då han skaut avstad i flaumen Kledda var no revne bort og kroppen den var valen Da han lydlaust bevega seg nedover Storedalen I leikent driv blant brunaure og snek av Hardefossen Kraft Med hundre meters fallhøgde han for gjøno turbinen Leverte femten kilowatt til agrigatorstraum-maskinen Det va'kje rare greiene som ut i fjoren glei Men ingjen visste at han Halgrim var på siste lei Halgrim ifra Flåtnes bruk vart funnen utpå våren I sildegarnet til han Steinar ifra nabogården

Etterord for  
HALGRIM FLÅTNES  
Frå naturagrosof og bygdepoet Ola Nesos

Foredrag søndag kl 13.00 - 14.00

# Med laks og sjøaure som spesialitet



Illustrasjonar: Arild Blomfeld

Me er i år så heldige å ha med oss **Arild Blomfeld** som foredragshaldar. Dette er eit foredrag alle med interesserte for laks- eller sjøaurefiske bør få med seg.

Arild har fiska laks og aure nær sagt heile livet, og har store kunnskapar å ause frå. Han er og illustratør til fleire kjente fiskebøker, flugebindar, samt samlar av eldre flugestenger og tilhøyrande sneller og utstyr.

Tidlegare reiste Arild rundt



Arild Blomfeld. Foto: Privat

og heldt foredrag rett som det var, no er dette nok ikkje fullt så vanlig, og me er svært takksame for å ha fått han til Etne.

Arild gjer det unike å gi oss eit «slides» -show, då han nektar plent å trø inn i den digitale tidsalder, i alle høve kva bilete vedkjem. Dette vil gjere opplevinga endå meir spesiell, og me vonar at folk kjenner si besøksestid og stiller opp i veslesalen for å få med seg ei unik reise gjennom laks og sjøaurefiske på Vestlandet.

## Vindmølledebatt

Er du interessert i å høyra argumenter for og imot vindmøller. Kanskje lyst å stilla spørsmål til debattpanelet. Då er det lurt å fylgja med på [www.villmarkmetne.no](http://www.villmarkmetne.no) då me planlegg ein debatt søndag 21. april på villmarksmessa i Etne.







Etnemarknaden

## Etnemarknaden 2013

1.-4.august

Har du ein kremmar i magen?  
Då har me salgsplassen for deg. Med nærare 35.000  
besøkande med lommeboka lett tilgjengeleg,  
vert det fort business..

Send inn søknadskjema nå!

All info på [www.etnemarknaden.no](http://www.etnemarknaden.no)



## Røldalsmarknaden 2013

21.-23.juni

Gå ikkje glipp av handel og moro i Noregs vakraste fjellbygd!

70 utstillarar / Underhaldning både dag og kveld / Tradisjonar  
Mat / Aktivitetar for heile familien /

Fredag 21.juni: **Han Innante**  
Laurdag 22.juni: **Hanne Boel**

[www.roldalsmarknaden.no](http://www.roldalsmarknaden.no)



Foto: Øyvind Gjerde



Foto: Stephen Freiheit



# Bli med ut!



Friluftsrådet



VEST

[www.friluftsradetvest.no](http://www.friluftsradetvest.no)

Tlf: 52774830



# Rein fiskeglede

**Mange i vårt distrikt kjenner nok denne trivelege, engasjerte og ikkje minst, fiskeinteresserte, karen frå... ja, kvar er han frå egentleg?**

Han pratar «Stavangermål» men har namnet sitt frå Reinsnos innafor Skare (før ein kjem til Odda Vestfrå). Eirik har budd fleire år i distriktet, men har no flytta til Oslo der han prøver seg på gjedde og abbor saman med kona Gry.

Eirik har ei stor fiskeinteresse, og han er heldigvis ikkje slik som enkelte me kjenner som knapt gidd å høyra etter om du pratar om ein slukfanga fisk, eller endå verre, ein teken på mark (gud forby). Eirik fiskar vel helst med fluge, men det er nok gleda over å vera ute i naturen, gleda over å ikkje berre stå på asfaltkanten og sjå på naturen som om ein sat i sofakroken og glana på ein



(Foto: Privat)

BBC-produksjon med David Attenborough. Me vil helst vera med, bety noko i den store samanhengen, henta ut ein fisk, henta ut erfaringar og ikkje minst, fantastiske opplevingar.

Eg har sjølv stor respekt for dei tidlegare kritiserte «smal-spóra» fiskarane som berre ser på sitt eige fiske som «eigentleg» fiske, men både Eirik og underteikna er nok sær glade for at det finnes flest «breispóra» fiskeinteresserte. «Fiskeglede» er eit ord som langt på veg beskriv Eirik. Han treng ikkje få dei største fiskane for


å ha det kjekt, og han treng heller ikkje reise langt for å fiske. Han tek gjerne med seg stanga i lokale vatn i Vatsdistriktet, og pratar med stort engasjement om kultivering og småvatn med potensielt stor fisk.

Sjølv om Eirik trivest bra med stanga i nevene lokalt, hender det rett som det er at han dreg så langt vekk som ein kan koma, i alle høve om målet er å fiska. Eg har sjølv vore på New Zealand for å fiske, og det er her Eirik dreg om han verkeleg skal nytta livet med fiskestang (eller på shopping J). Han tar gjerne med seg kona, Gry, til motsett side av kloden, og ho har vel ikkje hatt anna val enn å læra seg å like fiske og fiskarar.

Eirik deltek også i år på messa, og som distriktet sin representant for Nordic Outdoor (Me kjenner det vel best som tidlegare «Sølvkroken»), så har han nok med seg mykje spanande utstyr, både for dei som likar å fiske, og dei som verkeleg ikkje kan sjå føre seg ei meining med livet utan nanoteknologiske flugestenger.

ALBERT INGE RAFDAL

## Villmarksfest på Old River Saloon



(Foto: Caroline Reistad)

**Kva er vel meir naturleg enn ein skikkeleg villmarksfest med countrymusikk på Old River Saloon i Etne i samband med Villmarksmessa Etne.**

Laurdag 20. april gjestar Tore Andersen Saloonen.

Laurdag speler Tore Andersen frå Stjørdal, som blant anna har vore med i bandet til Ottar Big Hand. Tore kan ellers skilta med samarbeid med det meste som kan krypa og gå innan countrymiljøet i Noreg. Med Tore på scenen er me garantert sikra ei flott musikalsk oppleving og ein god fest. Velkommen!

**Salar Sportsfiske** er eit firma som kun sel sportsfiskeutstyr, og vert dreve av Frode Pedersen. Med 25 år i bransjen er Frode ein kjent mann for dei fleste sportsfiskarar på Haugalandet.

Salar Sportsfiske har etablert seg som ein av de største aktørane innan fiskeutstyr. I tillegg held dei kastekurs, flogebinderkurs og reine fiskekurs.

Salar Sportsfiske held til ved Oasen Storsenter på Karmsund med butikk og nettbutikk. Personlig service, rask levering, konkurransedyktige priser og kjente merkevarer er stikkord. Gjennom nettbutikken har Salar Sport kunder fra hele landet.

Vi sender varene normalt samme dag som vi mottar ordren. Mange av våre kunder har derfor varene i postkassen dagen etter at de har bestilt. Dette vet kundene å sette pris på. Ekstra hyggelig er det når kundene kommer til butikken, står kaffen alltid klar.

### På Villmarksmessa Etne:

Prøving av utstyr / Vår samarbeidspartner på flogefiskeutstyr, Guideline, stiller med fagpersonell og hjelper deg med valg av utstyr / Testing av det nyaste av stenger, sneller og snører

Velkommen til vår stand for ein hyggeleg fiskeprat!



### Salar Sportsfiske på Villmarksmessa Etne



Salar Sport AS - Oasen Storsenter - 5542 Karmsund - T:96014562



Fred. 19.april	Klokka	Kva	Kvar	Billetter
	19.00-20.30	Foredrag Cecilie Skog	Kinosalen	Egen bill/250,-
	18.00-24.00	Kos & Spekemat på skiferstein	Fojéen, Skakke	Gratis inngong
Lørd.20.april	Klokka	Kva	Kvar	
	10.00	Utstillingane opnar	Messehallen	Inng.bill messe
	10.00-15.00	Fotokurs v/Espen Mills (Obs! Påmeld innan 18.apr)	Skakkesenteret	Egen bill/750,-
	10.00-18.00	Bogeskyting v/Noregs Buejegerforbund	Parkeringsplassen ved Skakke	Inng.bill messe
	11.00-17.00	Flogefiske/Kastekurs	Etne Stadion/Skakke	Inng.bill messe
	11.00.16.00	Natursti (born 2-12 år)	Langs Etneelva	Inng.bill messe
	12.00.15.00	Hesteriding for born	Ved Saloonen	Egen bill/40,-
	12.00-15.00	Klatreveggen er åpen	Messehallen	Inng.bill messe
	12.00-16.00	Aktivitetar for born med Småfolk Barnehage	Messehallen	Inng.bill messe
	12.00.17.00	Kaféen er åpen for middags servering	Etne Kulturhus	Inng.bill messe
	13.30-15.30	Flogebindingskurs med L.Nguyen og Sigve Monsen	Messehallen	300,-/150,-
	13.00-14.00	Kastekonkurranse med fiskestong for born	Uteområdet, Skakke	Inng.bill messe
	14.00-15.00	Flogekastekonkurranse voksne	Uteområdet, Skakke	Inng.bill messe
	15.00-16.00	Demo Viltpartering ved Norsk Hjortesenter	Fojéen, Skakke	Inng.bill messe
	14.00-16.00	Seljefløyte laging med Kåre Rafdal	Messehallen	Inng.bill messe
	15.30-18.00	Kurs i bildebehandling (Påmelding innan 18.apr)	Skakke	Egen bill/450,-
	16.30-17.15	Foredrag ved Johan T. Solheim - Hjorteforvaltning	Vetlesalen Skakke	Inng.bill messe
	18.00	Utstillingane stenger	Messehallen	Inng.bill messe
	19.00	Villmarkscamp for born og ungdom over 8 år	Ved Etneelva sone 3	Egen bill/350,-
Sønd.21.april	Klokka			
	10.00	Utstillingane opnar	Messehallen	Inng.bill messe
	10.00-15.00	Fotokurs med Espen Mills (Obs! Påmeld innan 18.apr)	Skakkesenteret	Egen bill/750,-
	10.00-17.00	Aktivitetar for born med Husflidslaget	Messehallen	Inng.bill messe
	10.00-17.00	Bogeskyting med Norges Buejegerforbund	Parkeringsplassen Skakke	Inng.bill messe
	11.00-12.00	Foredrag med Reidar Borgstrøm - Fiskekultivering	Vetlesalen Skakke	Inng.bill messe
	11.00.16.00	Natursti (born 2-12 år)	Langs Etneelva	Inng.bill messe
	11.00-16.00	Flogefiske/Kastekurs	Etne Stadion/Skakke	Inng.bill messe
	11.00-13.00	Pilflettingskurs med Drude Isene (Max 10 deltakarar)	Messehallen	Egen bill/500,-
	12.00.15.00	Hesteriding for born	Ved Salooen	Egen bill/40,-
	12.00-15.00	Klatreveggen er åpen	Messehallen	Inng.bill messe
	12.00-16.00	Kanopadling i Etneelva	Etneelva	Inng.bill messe
	12.00-16.00	Kaféen er åpen for middags servering	Etne Kulturhus	Inng.bill messe
	13.00-14.00	Foredrag om laks og sjøaure med Arild Blomfeldt	Vetlesalen Skakke	Inng.bill messe
	13.00-14.00	Kastekonkurranse med fiskestong for born	Uteområdet, Skakke	Inng.bill messe
	13.00	Demo Viltpartering ved Norsk Hjortesenter	Fojéen, Skakke	Inng.bill messe
	13.30-15.00	Flogebindingskurs med L.Nguyen og Sigve Monsen	Messehallen	300,-/150,-
	14.00-17.00	Pilflettingskurs med Drude Isene (Max 10 deltakarar)	Messehallen	Egen bill/500,-
	14.00-15.00	Flogekastekonkurranse voksne	Uteområdet, Skakke	Inng.bill messe
	14.00-16.00	Seljefløyte laging med Kåre Rafdal	Messehallen	Inng.bill messe
	15.00-16.30	Debatt, Vindmølekraft	Vetlesalen Skakke	Inng.bill messe
	15.30-18.00	Kurs i bildebehandling (Påmelding innan 18.apr)	Skakkesenteret	Egen bill/450,-
	17.00	Utstillingane stenger	Messehallen	Inng.bill messe

### Utstillarar - per trykkesdato 19. mars:

Håkon Østvand		Tredreing
Salar Sport	salarsport.no	Fiskeutstyr
Søreskogen Pilfletting	søreskogen.no	Pilfletting og kurs
Vorn Equipment AS	vorn.no	Vorn jaktsekker
Tregubbene		Trearbeider og treknudrer
Anne Karin Lothe		Maleri og strikk
Cherid AS	syltefjord.no	Håndmalte skiferprodukt
Fk-butikken Etne	fkra.no	Fritids- og friluftprodukt
Jerven	jerven.no	Fjellduk og klede
G.T Import		Skinnartiklar
Grønnevikens AS	gvi.as	Tre, skinn
Guideline	guideline.no	Fluefiskeutstyr
Hausken Lyddemper	hausken.no	Lyddemparar
Keilir	keilir.no	Fiske-, reise-, og friluftststyr
Klær & Fritid	klaerogfritid.no	Ullprodukt
Vindafjord Knivklubb	skjervheim.com	Knivar
Leirong Kystlag		Grindverksbygg
Eventyrsmak SA	eventyrsmak.no	Småskalamat
Nordic Outdoor	nordic-outdoor.no	Jakt-, friluft- og fiskeutstyr
Norsk Buejegerforening	nbjff.net	Bogeskyting
Norsk Hjortesenter	hjortesenteret.no	Utstyr til kjøtforedling
Norsk Jaktformidling	norsk-jaktformidling.com	Canadareiser
Pølsesnacks AS	pølsesnacks.no	Spekemat og sukkertøy
Rafdal & Kvale Våpenhandel	jaktvaapen.com	Utstyr til jakt, våpen
Rafdal Våpen	rafdal-vapen.no	Våpensmed
Aaberg	aaberg.no	Våpen og jaktutstyr
Safari Management	safarimgm.com	Jaktreiser
Skakke Foredling	skakkeforedling.no	Kortreist vilt og fisk
Sport 1 Etne	sport1.no	Sport og fritid
Jens Sævereid		Geitost, geitepølse
Samson Øvstebo	ovstebo.info	Tradisjonshandverk
Drude Isene	søreskogen.no	Pilfletting
Ellen Alden Dale		Strikkeprodukter
Søstrene Lye	sostrenelye.blog.no	Dekorasjonar
Ullform	ullform.no	Ull, silke og filttutstyr
Ledaal teppeveveri	veveri.no	Tepper
Håkon Østvand		Tredreing
Viltmemnda i Etne	etne.kommune.no	Informasjonsstand
Etne Elveigarlag		Informasjonsstand
Etne Jeger og Fiskeforening	ejff.org	Informasjonsstand
Etne Turlag / Haugesund Turistfor.	etneturlag.blogg.no	Informasjonsstand

**VILLMARKS  
MESSAETNE**



### Standplass på Villmarksmessa Etne?

Me har nokre få ledig plassar, og du kan bli den heldige som får mulighet til å eksponera ditt firma og selge dine varer hjå oss. Hiv deg på telefonen, og kontakt oss før det er for seint.

Tlf. 93458889 / epost: [post@villmarketne.no](mailto:post@villmarketne.no)  
Meire info om messa finn du på [www.villmarketne.no](http://www.villmarketne.no)

